

Eksempel på oppgåver i delprøven i munnleg kommunikasjon

Nivå B1-B2

Prøven på nivå B1-B2 har tre oppgåver. Kandidatane skal snakke åleine i to oppgåver, og snakke saman i éi oppgåve. Kandidatane kan spørje dersom dei ikkje forstår oppgåvene.

Før prøven startar blir kandidatane bedne om å fortelje heilt kort om seg sjølv. Dette er ei oppvarmingsøving som ikkje skal vere del av vurderingsgrunnlaget. Eksaminator stoppar kvar kandidat etter 1-2 minutt.

OPPGÅVE A INDIVIDUELL B1 UTTRYKKE SYNSPUNKT / MEININGAR

I oppgåve A skal kandidatane snakke éin og éin om eitt tema kvar.

Eksempel på oppgåver:

1. Synest du det er bra at folk er opptatte av kropp og helse? Kvifor/kvifor ikkje?
2. Synest du det er viktig å ta vare på kulturen frå heimlandet ditt når du bur i Noreg?
3. Synest du at alle ungdommar bør ta ei utdanning?
4. Kva er positivt og negativt med å jobbe veldig mykje?

Eksaminator kan stille oppfølgingsspørsmål for å få kandidaten til å snakke meir. Eksaminator stoppar kvar kandidat etter 2-3 minutt.

**OPPGÅVE B SAMTALE B1-B2 UTVEKSLE SYNSPUNKT/
MEININGAR**

I oppgåve B skal kandidatane snakke saman om eit oppgitt emne. Det er viktig at begge er aktive i samtalen.

Eksempel på oppgåver:

1. Synest de det er viktig at både kvinner og menn jobbar utanfor heimen?
Kvifor/kvifor ikkje?
2. Meiner de det er viktigare å vere flink til å snakke norsk enn å skrive norsk?
Kvifor/kvifor ikkje?

Eksaminator stoppar kandidatane etter 5-7 minutt.

OPPGÅVE C INDIVIDUELL B2 ARGUMENTERE

I den siste oppgåva skal kandidatane snakke aleine i 2-3 minutt. Kandidatane får høyre ein påstand, og så skal dei seie kva dei synest om påstanden og grunngi meiningane sine.

Kandidatane kan få litt tid til å tenkje seg om og notere dersom dei vil. Etterpå får dei nokre spørsmål til temaet.

Eksempel på oppgåver:

1. «Folk bør gå på jobb sjølv om dei er litt sjuke.»
2. «Det er for dyrt å ha bil i Noreg.»
3. «Nordmenn er for opptatte av jobb og karriere.»
4. «Ungdommar bør ikkje bu heime hos foreldra etter at dei har fylt 20 år.»

Eksaminator stoppar kvar kandidat etter 2-3 minutt og går over til å stille oppfølgingsspørsmål. Eksaminator får nokre ferdig formulerte oppfølgingsspørsmål og må stille minimum to av desse for å sikre at kandidaten blir utfordra på B2-nivå.

Eksempel på oppfølgingsspørsmål til påstand 2: «Det er for dyrt å ha bil i Noreg»:

1. Kva fordelar og ulemper ser du ved å eige ein bil?
2. Trur du folk i byane og på landet har ulike meiningar om bruk av bil? Grunngi synet ditt.
3. Trur du det er mogleg å leggje til rette for eit samfunn utan bilar? Grunngi synet ditt.

Eksaminator stoppar kandidaten etter 2-3 minutt med oppfølgingsspørsmål.